

Sjøholt hotell - gnr./bnr. 97/58, 335 og 150 - Ørskog kommune

Møre og Romsdal fylkeskommune

Fredingsdokumentasjon del 1


– bakgrunn og eksteriør



Foto: Riksantikvaren


Dokumentasjonsvedlegget er utarbeidd av Møre og Romsdal fylkeskommune i 2015 og redigert av Riksantikvaren i 2017.

Målsette teikningar




Målsett skisse ved Tore Stokke

Romskjema



Romskjema første etasje

Skisse ved Christ Allan Sylthe




SJØHOLT HOTELL
 ROMPLAN 2 ETG. ETTER SKISSE VED CHRIST ALLAN SYLTHE. MOLDE 13.10.15

Romskjema andre etasje.

Etter skisse av Christ Allan Sylthe

Romskj
 ema

tredje
etasje.
Skisse
ved
Christ
Allan
Sylthe.



Romskjema loftsetasje. Skisse ved Christ Allan Sylthe.

Lokalisering og omkringliggende miljø




Sjøholt sett frå sør, frå området fylt ut i fjorden. Foto: Tore Stokke

Sjøholt hotell ligg sentralt i Sjøholt, som er sentrum i Ørskog kommune. Bygningen ligg godt synbart i sentrumsområdet, og like inntil Sjøholtvegen, som løper parallelt med hovudvegen gjennom Sjøholt (E39).

Bygningen er omgitt av hage både mot aust, nord og vest. Framom hovudfasaden løper fortauet. Vest for bygningen ligg noko eldre bebyggelse, som også følgjer vegløpet. Sjøholt som heile er prega av variert byggestil, med både eldre bygningar frå 1800- og 1900-tal, og typiske modulbygg til kolonialforretning og bensinstasjon.

Strandlina er fylt ut, noko som gjer at hotellet og anna eldre bebyggelse ligg noko annleis plassert enn opphavleg i høve fjorden. Likevel har Sjøholt hotell, saman med omkringliggende miljø, ein vesentleg kontinuitetskapande effekt i nærmiljøet, og bidrar til å gjere historia til Sjøholt og turismen i regionen lesbar.



Beskriving av område freda etter kml § 19

Sjøholt hotell hadde tidlegare ein hage med ei rekke ulike blomster og vekstar. Det er i dag lite att av den opphavelge hagen. Noverande eigar har i 2015 arbeidd for å finne att dei ulike plantene, og få tilbakeført noko av preget til hagen.

I dag er vegetasjonen i hagen for det meste plen, og det er enkelte større tre på området. Nemnast kan også spor etter ein oppmurt veg som går opp frå hovudinngangen i aust og opp på baksida av hotellet.

Nord for bygningen, heilt i eigedomsgrensa, ligg løa som høyrer til hotellet. I løa har ein del opphavelge bygningsdelar vore bevart. Den vesentlege verneverdien til bygningen ligg i den forsterkande kunnskapsverdien og pedagogiske verdien løa gir til hotellet som heilskapleg miljø.

Eigedommen var tidlegare omgitt av eit kvitmåla stakittgjerde. Delar av dette gjerdet er framleis bevart, og kan danne grunnlag for en eventuell rekonstruksjon av stakittgjerdet.



Bilete tatt på nordsida av hotellet, mot løa som ligg i eigedomsgrensa.



Bevart løe innanfor området freda etter kml § 19.



Hotellet sett frå sør, med omkringliggande



Sjøholt hotell med hage og omkringliggande miljø, sett frå aust. Foto: Christ Allan Sylthe.

bygningsmiljø.



Sjøholt hotell med hage sett frå aust. Foto: Christ Allan Sylthe.



Sjøholt hotell sett frå nordaust. Foto: Christ Allan Sylthe.



Løe etter skifting av tak i 2017 Foto: Riksantikvaren



Oppmurt veg opp bak hotellet. Foto: Riksantikvaren



Mogleg del av tidlegare stakittgjerde kring hotellet. Foto: Riksantikvaren



Sjøholt hotell kring 1947, med stakittgjerde. Foto: Lars Peter Tøsse

Historiske bilete og kart av hotellet i miljøet



Sjøholt hotell kring 1910. Fotograf: Steinkopf Wold, Stavanger



Sjøholt hotell med hage, flyfoto frå 2015 henta frå finn.no



Sjøholt hotell med hage, flyfoto frå 1964 henta frå finn.no. Vegetasjon, strukturar i hagen og bygningar kring hotellet er i kan framleis sjåast i dag.

Historikk

Det har vore ein lang tradisjon for innlosjering og gjestgiveri på Sjøholt i Ørskog kommune. I 1835 vart det etablert veg over Ørskogfjellet, noko som vart viktig for gjennomfartstrafikken i Sjøholt. Staden var da, som no, gjennomfartsåre for trafikken frå nord til sør i fylket. Sjøholt var også ein naturleg stoppestad på vegen frå Sunnmøre og til Molde.¹

Frå 1850-åra gjorde turismen seg gjeldande i heile fylket. Dette gav auka trafikk både langs veg og på sjøen, og det vart stadig større behov for overnatting langs vegane.

I 1855 lyste difor Ørskog amt ut bevertningsbevilgning for Sjøholt. I 1871 var det første gjestgiveriet i Sjøholt eit faktum, reist av Andreas Pettersen som også dreiv skysstasjon. Det kan sjå ut til at standarden på dette gjestgiveriet var varierende.

Det fyrste Sjøholt *hotell*, vart midlertidig ikkje reist før i 1891. Byggherre Andreas Rasmussen hadde vore i Amerika, og hotellet vart reist for «amerikapengar».² Dette hotellet var av respektabel storleik, i trehøgder, og i sveitserstil. Bilete av dette gamle hotellet syner ein meir dekorrik sveitserstil enn dagens Sjøholt hotell, men enklare i høve til verandaer. Hotellet brann ned i 1901.



Det fyrste Sjøholt hotell, reist 1891. Foto skanna frå artikkel i Ørskog historielags årsskrift 2006.

Rasmussen gjekk med ein gong i gang med planlegginga og reisinga av eit nytt hotell. Hotellet vart reist på rekordtid, byggetida skal ikkje ha vore meir enn tre månader, og i 1903-04 var hotellet reist.³ Sveitserstilen som pregar bygningen har koplingar til ein form ein kan sjå i Sveits og Tyrol.⁴

¹ Ingvild Hansen Nystad, *Sjøholt hotell – frå gjennomtrekk til flau vind*. Årsskrift 2006. Ørskog Historielag: 11


² Nystad 2006: 8

³ Nystad 2006: 9

Ut frå opplysingar ein har, tyder mykje på at Sjøholt hotell var eit hotell for dei kondisjonerte klasser. Til motsetning frå andre liknande hotell, opererte ein her berre med ein takst, rekna på turistar. Andre stader gjaldt ofte ein lågare takst for lokale, og ein høgare for turistar. Keisar Wilhelm og dronning Wilhelmine skal ha budd her, på veg til Sunnmøre. Dette sett dermed Sjøholt hotell i ein vesentleg større samanheng. Kong Olav og Martha også budd her i 1933. Prins Carl og prinsesse Ingeborg – stoppestad på bryllaupsreisa.

Det var på denne tida utgitt fleire handbøker for korleis eit turisthotell burde utformast og innrettast. Det kan til tider sjå ut til at økonomi vog tyngre enn komfort på gjestene, og til dømes var det vanleg at bygningane var minimalt isolert.

I følgje munnleg tradisjon skal bygningen ha vore tinga som «byggesett» frå Strandheim Brug på Orkanger. Dette er midlertidig ikkje blitt stadfesta gjennom skriftlege kjelder. Etter korrespondanse med Anders Bjørlykke (Fortidsminneforeinga DTA) og Elsa Reiersen, som driv forskning på ferdighus frå Strandheim og Thams-historia generelt, veit vi likevel at hotellet i Hillswick visstnok skal ha relasjonar til Strandheim Brug og Thams.⁵ Dette hotellet vart opphavleg levert til ei utstilling i Glasgow i 1896. Reiersen meiner at dette hotellet var inspirert av Bårdshaug Herregård på Orkanger. Hillswick har likskap med Sjøholt hotell, med kvite veggjar og grønne detaljar samt ganske stram og



enkel detaljering, men utan glasverandaer. Ein kan også sjå likskap mellom Bårdshaug Herregård og Sjøholt hotell, men her er dei grunnleggande stilforskjellane tydelegare. Det er også ei feilkjelde her, i og med at eldre bilete kan tyde på at Sjøholt hotell opphavleg ikkje var måla kvit, men i ein mørkare farge.

Sjøholt hotell var opphavleg ikkje måla kvit. Foto skanna frå artikkel i Ørskog historielags tidsskrift frå 2006.

Gjennomgang av interiøret tyder på at det kan vere tale om eit ferdighusprodukt, da det i det store og heile er den same detaljering i alle etasjer, uavhengig av type rom, bruk og standard. Den einaste tydelege forenkling ein kan sjå i detaljering, er at hulkillistene mot tak blir enklare jo lenger «bak» i bygningen ein kjem, samt at ein i soveromsetasjen hovudsakleg finn blindstaff i tak. Det er heller ikkje usannsynleg at dette skulle vere tilfellet, da det var vesentleg rimelegare å sette opp eit ferdighus. Ved istandsetting av bygningen, vil det bli sett etter materialar med stempel/merker frå Thams.

⁴ Nystad 2006. 9

⁵ E-post frå Anders Bjørlykke, datert 17.08.2015.

Sosialhistorie knytt til Sjøholt hotell

Andreas Rasmussen, som reiste Sjøholt hotell, var ikkje ein velstående person. Hans amerikareise og seinare etablering av Sjøholt hotell kan soleis sjåast som ein klassereise. Dette gjev hotellet ein ekstra historisk og pedagogisk dimensjon, som fortener å bli formidla, og ikkje minst ein kulturhistorisk verdi som symbol over ei tid der det i stadig større grad vart mogleg for einskildpersonar å endre sin situasjon.

Hotelldrifta og turismen i Sjøholt ga også grunnlag for fleire verksemder i området, mellom anna skyss av turistar over fjellet til Molde. I 1924 kjøpte hotellet sin eigen T-Ford, som gjekk i trafikk på Ørskogfjellet.⁶

1830-åra til 1930-åra skulle bli storleikstida til Sjøholt hotell. Etter 1930 kom ein reduksjon i kundegrnlaget, og frå 1965 var det heilt slutt. Dette skal mellom anna ha vore resultat av brannføreskrifter som ikkje lenger gjorde det mogleg å drive hotell på Sjøholt. I 1989 vart alt inventaret selt på auksjon. Ein del av inventaret har sidan kome attende.⁷

Vernehistorie

Sjøholt hotell har også ei givande historie knytt til kulturminnevernet si utvikling, og lokalt engasjement for kulturminne. Bygningen sin eksistens i dag er eit godt døme på korleis lokalt verdisyn og engasjement kan vere avgjerande for bevaring av kulturminne. Da hotellet og inventaret skulle leggest ut på auksjon, oppstod eit stor engasjement i bygda, for å behalde og bevare Sjøholt hotell som landemerke og turistattraksjon og identitetsskapande verdi i lokalsamfunnet. Dette gjev hotellet ein kunnskapsverdi relatert til utvikling av kulturminnevernet frå eit ekspertisefelt til eit folkeleg anleggjande.⁸

⁶ Nystad 2006:14

⁷ Nystad: 15

⁸ Arne Lie Christensen, *Kunsten å bevare – Om kulturminnevern og fortidsinteresse i Norge.* 2011.

Eksteriør

Heilskapsinntrykk

Hovudfløya mot sør er 20 x 10 meter. Den har to separate bakfløyer mot nord, på om lag 8 x 7 meter, med ei opning på om lag 6 meter i midten. Bygningen framstår som eit karakteristisk hotell i sveitserstil frå perioden, med tre og ein halv etasje, store innglasa verandaer og t-postvindaug. Hovudfasaden mot sør dominerast av to utkraga arker, beståande av innglasa verandaer. Tilsvarande utkraging ser ein også i aust- og vestfasadane.

I første høgda er det ein gjennomgåande opning i bakkant av hovudfløya, som løper under bakfløyene. Under desse fløyene er det kraftige steinfundament.

Bygningen er bygt i bindingsverk/stavverk (6" x 6"), stiva av med horisontalt panel på utsida. Bygningen er kledd med liggande, dobbeltfalsa bordkledning på utvendige veggflater, måla i kvitt.

Detaljeringa er relativt enkel, og strengt symmetrisk. Den består i hovudsak av dei iaugefallande verandautbygga med dei store vindauga, den relativt enkle mønepynten i typisk sveitserstil, samt den bratte takvinkelen.

Eksteriøret pregast av utkraga glasverandaer i tre høgder. Det er to mot sør, ein mot vest og ein mot aust. Desse kviler på 6" x 6" søyler. I etasjeskillet ligg bjelkar, spent mellom ein frontbjelke og ein bjelke på vegg. Midt på sørfasaden er det ein mindre glasveranda over to høgder, avslutta med kopartak like under rafta. Opphavg har det vore samankopling mellom verandaane, noko som er tydeleg lesbart i dag, med dørene til verandaane som leder ut i lause lufta. På bjelkelaget mellom første og andre etasje mot sør er det utført eit sikringsarbeid med strekkfisker i metall. Dette sikrar stabiliteten i konstruksjonen, men tiltaket framstår som skjemmaende for bygningen. Vidare er det starta opp ein rekonstruksjon av verandaer på det søraustre hjørnet, og mellom glasverandaene mot sør. Feilmontering av glasrammer på fleire av verandaene, noko som mellom anna førte til at det våren 2015 blas ut eit vindaug.



Fasade sett frå søraust



Nordre fasade/bakfase med bakfløyer.



Innglasa veranda, der mellomgang mellom verandaar manglar.

Konstruksjon

Bygningen er hovudsakleg oppsett som stavverk/bindingsverk med skråavstiving. På stavverket i første etasje er det montert pløgd supanel for stabilisering. Denne avstivinga er observert i første etasje. Vidare oppover i bygningen er dei innvendige flatene dekte, men ein går ut i frå at alle berande veggane har denne konstruksjonen. Så langt ein kan vurdere ut i frå det som er synleg, framstår veggane solide og stabile. Det er likevel nokre roteskader, særskilt i veggen mot sør, og i det søraustre hjørnet er syllstokken rotta heilt bort og hjørnestaven skada. I tillegg har midtdragaren under austfløya sige ein del, grunna sviktande fundament. Det vil altså vere behov for ein del utbetring her, etter at fundament og drenering er utbetra.

Kledning

Bygningen er kledd med dobbelfalsa, liggjande kledning, som truleg er montert på tynne sløyfelekter utanpå supanelet som stiver av konstruksjonen. Det vantar kledning i nedre parti der det tidlegare har vore overbygg.

Glasverandaene har ståande panel mellom stavane.

Ned mot grunnmuren er det kring heile bygningen ein 2" x 5" profilert vassnase, konstruert med ei overliggande og ei smalare underliggande flate. Grunna roteskader manglar vassnase nokre stadar.



Midtre veranda i sørfasade. Her synast rekonstruksjon av mellomgangar mellom verandaane.



Liggande kledning mot vassbrett

Tak

Mønnet på hovudvolumet løper i retning aust-vest, medan dei to bakfløyene har møte sør-nord. Takkonstruksjonen består av 6" x 8" takbukkar. Det er vertikalt montert, over- og underliggande trod. Hanebjelkar på kvar bukk, 3" x 9". Takfall 67 grader.

Det er foretatt eit sikringsarbeid kring arka mot vest, som av handverkar blir karakterisert som noko merkeleg. Sikringa fungerer imidlertid.

Bygningen er tekt med 10" x 16" lappsteinsskifer, som ligg på sløyfe- og steinlekter. Takrenner og beslag er i kopar.



Takkonstruksjon



Tak av lappsteinsskifer. Kopar over midtre veranda.

Vindaug

Bygningen har svært mange vindaug. I ytterveggane er hovudregelen to fags sidehengsla t-postvindaug. Det er totalt 62 t-postvindaug. Desse har overstykkje dekorert med «tanmønster», på konsollar. Vidare er det to trefags og tre eittfags i same utforming.

I første høgda er det åtte vindaug med heil rute og dobbelt glas, men med same dimensjon som t-postvindauga i andre og tredje høgda. Desse vart truleg sett inn på 1960-70-talet. Alle dei eldre vindauga har enkelt glas. Registrator har estimert at bygningen har om lag 1300 innkitta glasruter.

Glasverandaene har smalare tofags vindaug med horisontale felt øvst inndelt i 4x3 småruter. Glasverandaene i tredje etasje er noko lågare, og her det difor berre 2 ruter i høgda. Ruteinndelinga i verandaene syner ei mogleg påverknad frå jugendstilen. Denne vidareføringa av sveitserstilen er ikkje uvanleg på andre bygningar frå same periode. Nokre av vindauga er skifta ut, med meir eller mindre vellukka kopiar. Store delar av vindauga er bevart, og er i relativt god stand.

Glasverandaene på aust- og vestsida vart på eit tidspunkt fjerna grunna dårleg tilstand,⁹ men vart rekonstruert på 2000-talet.



Eittramsvindaug av nyare dato i første etasje



T-postvindaug dominerar i bygningen.

⁹ Nystad 2006: 17



T-postvindaug sett frå innsida



Austre glasveranda i hovudfasaden mot sør

Ytterdører

I hovudfløya i fyrste høgda er det to dobbeltfløya dører av nyare dato.

I hovudfløya i andre høgda er ei dobbeltfløya hovuddør mot aust, som truleg er ei original fyllingsdør.

Det er fem fyllingsdører i aust- og vestfløya, og frå glasverandane går totalt åtte fyllingsdører ut i «ingenting». Fleire av sistnemnte dører har to glasfelt i øvste felt.



Hovudinngang i andre etasje, på austsida.



Dør frå glasveranda ut mot tidlegare mellomganger mellom verandaer.



Inngangsdør til første etasje frå aust



Dører ut mot mellomrom mellom bakfløyene. Tilsvarande dører på motstående bakfløy.

Utvendige trapper

Det er fleire utvendige trapper, som går frå første til andre etasje.

Hovudtrappa til andre etasje mot aust er av tre, og truleg av nyare dato. Dette er ei rett trapp, med trinn mot aust. Denne trappa har nok likevel truleg vore her tidlegare, for den skal mellom anna ha gjort inntrykk på kong Olav, da han vitja hotellet på 1930-talet.¹⁰

Trapp til første etasje mot aust er støypt, med skiferbelagte trinn. Denne har trinn mot aust og sør.

Trapp til første etasje mot sør vantar.



Trapp til hovudinngang i andre etasje.



Trapp og inngangsdør mot aust i første etasje

¹⁰ Ingvild Hansen Nystad. *Sjøholt hotell – frå gjennomtrekk til flau vind*. I Ørskog Historielags årsskrift, hefte nr. 16, 2006: 13